

I N N L E I I N G.

Desse stadnamna er frå Tinnoset (frå Bergåa til og med Brekkegrenda) i Notødden kommune i Telemark fylke. Dei fleste blei innsamla i juli og august 1980.

Jon og Joran Granheim har hjelpt til med heile samlinga. Namn på f. eks. åsar, bekkar osv. der deileg mellom to eller fleire eigedomar går, er som oftast berre teke med på ein av eigedomane.

l tyder tjukk l.

-én er fleirtalsending, og é uttalas som ein lang, trong æ-e lyd.

Prep. er bruk av preposisjon.

* tyder at det er meir forklaring på eit anna ark.

Liv Granheim

Kyrsbekk.

Tidlegare gjekk deillet mellom Busnes og Lynnevik langs Kyrsbekk. Men etter at det blei drepen ein mann på Fanteneset, fekk Lynnevik skogen frå Kyrsbekk til Bergåa.

Namnet kjem av at dei skulle gje ei kyr i leige for fiskeriet der. Det er rester etter ei borg på nordsida av oset. Der låg dei vakt for å passe på at ingen tjuvfiska der.
(Jon Kleiva)

Jutulberget.

Buret i Lynnevik brann. Da skulle jutulen hente vatn i eit stort kjer. Ifjellet ser ein merke etter kjeret.
(Jon Kleiva)

Det banka på i Lynnevik seint ein kveld. Da stod det eit heilt brurefylgje utanfor og spurde om dei kunne vera der om natta. Dei skulle vidare oppover mot Busnes. Om natta blei det spel og dans der. Morgonen etter låg det att mykje sylv der.
(Anne Kopsland)

Lauvås.

To huldrefamiliar kom til Lynnevik ein juleftan. Det blei spurt kor dei var ifrå. Den eine familien var frå Lauvås, den andre frå Flisås (Flisekleivnuten).
(Jon Kleiva)

Blodtjønn.

Det skal ha drukna ei gjente der. Ho tøygde seg utover
vatnet etter nøkkeroser.

Tjønna blir og kalla Brotjønn, for dei meiner det har
gått ei bru over.

(Margit Finnekåsa)

Raunbekkdalen.

På kartet står Rennebekkdalen, men Margit Finnekåsa
meiner det skal vera Raunbekkdalen. I dalen er det mykje
lauvkratt, også av raun. Dalen er bratt og urut (steinut).

Fylgjesrud.

Sibyllas spådom: Det skal bli by frå Fylgjesrud til
Finnekåsa(?).

(Margit Finnekåsa)

Klolia.

Ein som hadde nærings sorg, gjekk her og prata med seg sjølv:
Trøst å bær meg arme sæling
håsse ska eg få mi føe i år.

Så svara det i berget:

Ommal Ulstul, neal Sjøljū
der kan du gråvå deg ne i et hāl.

(Margit Finnekåsa)

Grastjønnurene.

Det stod eit troll på Venåsfjellet og eit på Tjønnmolifjellet
og kasta stein på kvarandre. Steinane ligg her.

(Olav Sveinsson)